

# BARNE- konvensjonen

ENKEL UTGÅVE

Alle barn har rett til vern mot diskriminering



Alle barn har rett til privatliv



Alle barn har rett til at ingen skadar eller misbrukar dei



Alle barn har rett til å seie meininga si, og den skal bli tatt på alvor



# BARNEOMBODET SKAL PASSE PÅ AT BARNEKONVENSJONEN BLIR FYLGD I NOREG

## UNICEF ARBEIDAR FOR AT BARNEKONVENSJONEN SKAL BLI KJENT OG FYLGD I HEILE VERDA

### Artikkel 1

Rettane i denne konvensjonen gjeld alle barn og unge under 18 år

### Artikkel 2

Alle barn har rett til vern mot **diskriminering**

### Artikkel 3

Vaksne skal gjere det som er best for barn

### Artikkel 4

Det er staten som har ansvaret for desse rettane

### Artikkel 5

Foreldre har rett til å gje barn dei råda dei meiner dei treng

### Artikkel 6

Alle barn har rett til eit liv og ei framtid

### Artikkel 7

Alle barn har rett til eit namn og til å kjenne foreldra sine og få omsorg frå dei

### Artikkel 8

Alle barn har rett til å ha eigen identitet

### Artikkel 9

Alle barn har rett til å bu saman med foreldra sine med mindre det ikkje er bra for dei

### Artikkel 10

Viss barn og foreldre bur i forskjellige land, så har dei rett til kontakt og kan søkje om å bu saman

### Artikkel 11

Barn skal ikkje bli **bortførte** til utlandet

### Artikkel 12

Alle barn har rett til å seie meininga si, og den skal bli tatt på alvor

### Artikkel 13

Alle barn har rett til å få informasjon om det dei lurar på og rett til å gi uttrykk for det de meiner så lenge dei ikkje bryt andre sine rettar

### Artikkel 14

Alle barn har rett til å tenkje og tru på det dei vil. Men, foreldra har rett til å gi dei råd

### Artikkel 15

Alle barn har rett til å være med i organisasjonar og klubbar så lenge dette ikkje bryt med andre sine rettar

### Artikkel 16

Alle barn har rett til **privatliv**

### Artikkel 17

Staten skal syte for at barn får informasjon og underholdning som ikkje er skadeleg for dei

### Artikkel 18

Alle barn har rett til å bli oppdratt av foreldra sine om det er mogleg

### Artikkel 19

Alle barn har rett til at ingen skadar eller misbrukar dei

### Artikkel 20

Alle barn har rett til hjelp viss dei ikkje kan bu med familien sin

### Artikkel 21

Adopsjon skal bare skje til det beste for barnet

**Artikkel 22**

Barn har rett til ekstra vern viss dei er flyktingar

**Artikkel 23**

Barn med funksjonsnedsetjingar har same rett til omsorg, skule og utdanning som alle andre

**Artikkel 24**

Alle barn har rett til eit godt helsetilbod

**Artikkel 25**

Alle barn har rett til å bli fylgde opp viss dei ikkje bur med familien sin

**Artikkel 26**

Alle barn har rett til økonomisk hjelp viss dei treng det

**Artikkel 27**

Alle barn har rett til god nok **levestandard**

**Artikkel 28**

Alle barn har rett til skule og utdanning

**Artikkel 29**

Alle barn har rett til ein god skule som gir dei nødvendig kunnskap og utvikling

**Artikkel 30**

Barn som tilhøyrer ein minoritet eller eit urfolk har rett til å bruke sitt eige språk og sin kultur, og praktisere religionen sin

**Artikkel 31**

Alle barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å delta i kunst- og kulturliv

**Artikkel 32**

Arbeid skal ikkje gå ut over skule eller helse

**Artikkel 33**

Alle barn skal verjast mot narkotika

**Artikkel 34**

Alle barn skal verjast mot seksuelt misbruk

**Artikkel 35**

Barn skal ikkje bli selde eller **bortførte**

**Artikkel 36**

Alle barn skal alltid verjast mot å bli utnytta

**Artikkel 37**

Barn skal ikkje straffast på ein måte som skadar dei

**Artikkel 38**

Barn skal ikkje brukast som barnesoldatar

**Artikkel 39**

Alle barn har rett til hjelp viss dei har opplevd noko vanskeleg og skadeleg

**Artikkel 40**

Alle barn har rett til rettferdig behandling viss dei har brote lova

**Artikkel 41**

Viss nokre lovar er betre for barn enn barnekonvensjonen, så går dei føre

**Artikkel 42**

**Staten** skal passe på at både barn og vaksne veit om disse rettane

Dette er ein forenkla versjon av barnekonvensjonen. Les heile på [www.barneombudet.no/barnekonvensjonen](http://www.barneombudet.no/barnekonvensjonen) og [www.unicef.no/barnekonvensjonen](http://www.unicef.no/barnekonvensjonen) Her finn du også meir informasjon og forslag til oppgåver.

## KVA BETYR DET?

**Diskriminering:** Behandle forskjellig

**Staten:** Dei som bestemmer i landet

**Bortført:** Kidnappa

**Privatliv:** Du har rett til å vere for deg sjølv og ha tinga dine i fred

**Levestandard:** Nok pengar å leve for